



Notat

Dato: 30.04.2014
Arkivsak: 2014/558-50
Saksbehandlar: ingtakl

Til:	Ragnhild Aak Skajaa, Helge Haavardtun
Frå:	Ingeborg Borgen Takle

Uttale til nye Voss vidaregåande skule - frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk ein orientering om nye Voss vidaregåande skule måndag 28. april frå Eigedomsseksjonen.

Det er tydeleg at mykje arbeid har vore lagt ned for å ta omsyn til ulike trong og for at skulen skal vere funksjonell for alle. Planane ber preg av at Eigedomsseksjonen har lagt Tek 10 og andre standardar som grunnlag for arbeidet, noko rådet er nøgd med.

Planane som vart vist for rådet tek berre føre seg den fysiske tilgjengelegheita, men Eigedomsseksjonen informerte rådet om at alle omsyn vert teken for at gode løysingar for andre funksjonsnedsettingar vert å finne i det endelege bygget. Rådet understrekar viktigheita av at også meir skjulte funksjonsnedsettingar får eit like bra fokus som dei rørslehemma heilt klart har fått i dei første planane.

Eigedomsseksjonen har mange regelverk å halde seg til som spesifiserer kva som må ligge til grunn for at menneske med funksjonsnedsettingar skal kunne bruke eit bygg, og som nemnt tidlegare er det gjort på ein veldig bra måte. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne må sjå på det funksjonelle, men og korleis dei ulike løysingane påverkar menneskane i målgruppa.

I dette tilfellet er bygget ein vidaregåande skule noko som gjer at ein må ha eit særleg fokus på sosial inkludering og deltaking. Spørsmål som; treng ein elev med funksjonsnedsetting å kome fram alle stader?, visar rådet at dette er faktorar ein ikkje har teke med i like stor grad som ein skulle ønskje. Dette kjem tydeligast fram i samband med kantinen som og er utforma som eit «amfi». Ein elev som er rørslehemma vil kunne vere i nedste plan, samt mellomste på grunn av ein heis, men har ikkje tilgang til øvste plan. Det er ikkje naudsynt for eleven å ha tilgang til øvste plan for å få mat, men det er viktig med tanke på sosial inklusjon.

Andre døme er at ein i praksis får to ulike tilkomstar til skulen frå bussen og til sjøen frå skulen, ein direkte for dei som kan gå i trappar og ein omveg for dei som ikkje kan gå i trappar. Dette førar til ein uheldig deling, i ein alder da sosial inkludering er utruleg viktig.

Aspektet rundt sosial inkludering er der ikkje nokre standardar på, noko som gjerne er positivt, men det kan derfor lett falle utanfor. Rådet ønskjer å leggje eit større fokus på dette framover. I så måte er det viktig for rådet å trekke fram dei døma der dette er tatt omsyn til, i dette tilfellet med toaletta. I alle avdelingane er det

eit toalett som er eksponert for alle, mens det er nokre toalett til som ligg inne i garderobane. Det toalettet som er eksponert for alle vil berre vere handikapptoalett, sjølv om det ikkje er markert som det. Det vil seie at handikapptoalettet vil vere det toalettet som det er naturleg for alle å bruke, ikkje berre ein gruppe på skulen. Dette er eit prinsipp som rådet meiner er positivt og som ein meiner med fordel kan verte brukt i framtidige prosjekt.

Som ein konklusjon støttar rådet dei planane som ligg føre for nye Voss vidaregåande skule, men understrekar at det er viktig at dei andre funksjonsnedsettingane får fokus i arbeidet framover. Rådet ser fram i mot å høyre meir om desse planane og kome med uttale til dei.

Sosial inkludering er ein faktor som rådet håpar det er mogleg å leggje meir fokus på framover, nå når administrasjonen har så høg kompetanse på dei funksjonelle aspektane. Med bakgrunn i det ber rådet om at «amfiet» i kantina vert revurdert, eller alternative løysingar vert satt på plass. Prinsippa rundt toalett på nye Voss vidaregåande skule er noko rådet meiner ein bør ta med seg vidare i framtidige prosjekt.

Alt i alt meiner rådet at nye Voss vidaregåande skule er eit veldig positivt prosjekt som rådet ser fram imot å vere med å utvikle til beste moglege skule.

Med venleg helsing,

Ellinor Kreybu

Leiar

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne